


# Influensavaksine til gravide

Influenza er like vanleg blant gravide som blant andre, men gravide har høgare risiko for å bli alvorleg sjuke, og sjansane for alvorleg sjukdom aukar utover i svangerskapet. Sidan alvorleg sjukdom også utgjør ein fare for fosteret, vernar vaksinen både mor og barn.



## Tilråding til gravide

- Gravide i 2. og 3. trimester blir tilrådde influensavaksine før vintersesongen.
- Gravide i 1. trimester blir tilrådde influensavaksine om dei også tilhøyrer ei anna risikogruppe.

Tilrådinga gjeld for haust- og vintersesongen 2025/2026.

## Vernar mor

Studiar viser at vaksinen gjev like godt vern for gravide som for andre friske vaksne.

## Vernar barnet

Spedbarn har høgare risiko for alvorleg influensasjukdom enn større barn og vaksne. Vaksine til mor i svangerskapet bidreg til å verne barnet i dei første levemånadene sine. Studiar viser at vaksinasjon mot influensa i svangerskapet ikkje gjev auka risiko for abort, tidleg fødsel eller skadar på fosteret.

## Om vaksinane

Vaksinen blir gjeven som éin dose. Den inneheld ikkje nokre levande virus og kan difor ikkje gje influensasjukdom. Influensavaksinen vernar ikkje mot andre virus og bakteriar som også kan gje influensaliknande symptom.

på stikkstaden, samt feber, lett sjukdomskjensle, utmatting og muskelsmerter.

Alvorlege biverknader og allergiske reaksjonar er svært sjeldne etter vaksinasjon med influensavaksine.

Om du er usikker på eventuelle symptom eller varigheit av desse etter vaksinasjon, ta kontakt med lege.

## Kvar kan eg få influensa- og koronavaksine?

Sjekk med jordmor, lege eller på nettsidene til kommunen.



Les meir på  
[fhi.no/vokseenvaksinasjon](https://fhi.no/vokseenvaksinasjon)

## Biverknader

Ikkje alle får biverknader av vaksinar, sjølv om alle vaksinar kan gje dette. Dei mest vanlege biverknadene av influensavaksinen er ømleik, raud hud og hevingar